

SIVA - SELSKAPET FOR INDUSTRIVEKST SF
Professor Brochs gate 12
7030 TRONDHEIM

Dato 19.02.2025
Vår referanse 2025/2562-3
Dykkar referanse Ingjerd Skogseid
Sakshandsamar Ingjerd.Skogseid@vlfk.no
E-post 91696016
Telefon

Oppdragsbrev til Siva for 2025

I dette brevet overfører Vestland fylkeskommune midlar til Siva knytt til inkubatorprogrammet og næringshageprogrammet for 2025. Samla løyving som vert ført over til Siva frå Vestland fylkeskommune kap. 553, post 61 for 2025, er kr 36 800 000.

Oppdragsbrevet gjeld finansiering av inkubatorprogrammet og næringshageprogrammet i samsvar med Siva sin modell for differensierte tilskot. Det omfattar også vidareføring av to prosjekt for å utvide tilbud om næringshageprogram; eit i Sunnfjordregionen og eit i Ulvik, Eidfjord, Kvam, Voss, Ullensvang og Kvinnherad.

Det er ein føresetnad at Siva sikrar at midla vert brukt etter statsstøtteregulverket, og har ansvaret for å melde inn bruken til ESA.

1. Overordna mål og føringar

Følgjande planar ligg til grunn for det regionale oppdraget

- Utviklingsplan for Vestland 2024-2028
- Berekraftig verdiskaping – Regional plan for Innovasjon og næringsutvikling 2021-2033
- Berekraftig verdiskaping – Handlingsprogram 2022-25
- Berekraftig verdiskaping - Årsplan for 2025

Utviklingsplan for Vestland 2024-2028 gir ein felles kurs for å mobilisere Vestlandssamfunnet til innsats for ei berekraftig og nyskapande utvikling. Utviklingsplanen for Vestland har definert fire mål for samfunnsutviklinga i fylket, seks utfordringsområde, og ti strategiar. Desse skal leggjast til grunn for all utvikling, planlegging og aktivitet i fylket. Hovudmåla er:

- Velferd og verdiskaping – Vestland er det leiande verdiskapingsfylket basert på naturgitte fortrinn
- Demografi og likeverd – Vestland er eit inkluderande fylke med trygge, attraktive og livskraftige lokalsamfunn i heile fylket
- Klima og natur – I Vestland er klima og naturmangfald ein premis for samfunnsutviklinga
- Samarbeid - Vestland når måla sine gjennom samarbeid og samordning

Utviklingsplanen prioriterer utarbeiding av to nye regionale planar

- Regional plan for areal og mobilitet
- Regional plan for verdiskaping og kompetanse

Mål: Planane skal bidra til berekraftig samfunnsutvikling i Vestland gjennom å peike ut strategisk retning og samordne innsatsen for samfunnsutvikling.

Tema: Dei to planarbeida skal bidra til å utvikle berekraftsarbeidet i fylket. Planarbeida skal styrke samanhengstenking og måloppnåing på tvers av einskilde mål, ved å samle oppgåver som i dag er fordelte på ei rekke meir sektorretta planar under eitt. Gjennomgåande tema i planlegginga vert følgd

opp gjennom planarbeida. Planarbeida vil krevje avveging og avklaring mellom mange ulike interesser, og over sektor- og kommunegrenser. I gjennomføringa av planane må mange aktørar samordne innsats og verkemiddelbruk.

Forholdet til vedtekne regionale planar: Fleire vedtekne planar i Vestland kan verte erstatta, heilt eller delvis, ved at planspørsmål, tema og retningslinjer vert samordna i dei nye regionale planane. Regional plan for Innovasjon og næringsutvikling 2021-2033 er ein av planane som kan verte erstatta, men inntil ny plan er vedtatt gjeld framleis den eksisterande planen.

Regional plan for Innovasjon og næringsutvikling 2021-2033 har fire hovudsatsingar:

- Innovative og inkluderande samfunn: Innovative samfunn fornyar seg og skapar verdi for verksemdar, samfunn og innbyggjarar. Inkluderande samfunn tek vare på mangfald og motverkar utanforskap.
- Grøn næringsutvikling: Produksjon og næringsaktivitet skal utviklast i ei retning som er meir berekraftig for miljø og klima, og i tråd med FN sine berekraftsmål
- Areal til næringsutvikling: Omfattar korleis vi nyttar naturressursar, og korleis vi legg til rette areal for ny næringsutvikling.
- Kompetanseutvikling i arbeidslivet: Byggje den rette kompetansen for framtida, både i privat og offentleg sektor. Det er viktig å bruke kompetansen vi allereie har, samtidig som nye verdikjeder og forretningsområde set krav til ny kompetanse.

Dei nasjonale måla for løyvinga er å mobilisere verksemdar til innovasjon og bidra til verdiskaping, sysselsetjing og nyskaping i regionane. Vidare skal løyvinga bidra til å utløyse ny aktivitet i næringslivet i distriktsonråda som ikkje vert ivareteke gjennom nasjonale verkemiddel. For 2025 skal løyvinga òg bidra til grøn omstilling av næringslivet i distrikta, gjennom å styrke verksemdene si grønne konkurransekraft og støtte prosjekt med positiv miljøeffekt. Kriteria for måloppnåing er utvikling i verdiskaping, omsetning, sysselsetjing og nyskaping for verksemdene som deltek i programma, del av midla som når fram til verksemdar med kvinneleg leiar eller eigar, samt del av midla som går til prosjekter med positiv miljøeffekt.

Vi viser til måla med Siva sine program

- Utvikle eit berekraftig og framtidretta næringsliv i distrikta
- Inkubasjonsprogrammet skal bidra til auka nasjonal verdiskaping gjennom effektivt å identifisere, kommersialisere og vidareutvikle innovative idear til ny vekstbedrifter, og utløyse

Vi legg til grunn at det er godt samsvar mellom dei nasjonale målsettinga for midla og dei regionale måla.

Siva, Innovasjon Norge, Norges Forskningsråd og fylkeskommunane koordinerer arbeidet sitt nasjonalt, gjennom Nasjonal samhandlingsmodell. Vi viser òg til dei tre samfunnsoppdraga med regionalt utgangspunkt («missions») som Nasjonal samhandlingsmodell har gått saman om:

- o Utvikle industrielle symbiosar og sirkulære verdikjeder
- o Byggje infrastruktur og rammevilkår for industrielle symbiosar og sirkulære verdikjeder
- o Kompetanseløft for å realisere industrielle symbiosar og sirkulære verdikjeder

Vi legg til grunn av Siva legg dei nasjonale «missions» til grunn for sin overordna verksemd.

2. Fylkeskommunen sitt oppdrag til Siva over kap.553.61 for 2025

Fylkeskommunen si løyving til Siva over kap. 553.61 for 2025 er basert på vedtak om opptak av aktørar til næringshage- og inkubasjonsprogrammet hausten 2022 og vedtak om innplassering i Siva sin modell for differensierte tilskot hausten 2024.

Samla løyving for til Siva for 2025 vert kr 36 800 000 med fordeling til selskapa som er tatt opp i dei to programma, som i tabellar under.

a) Mål og prioriteringar

Handlingsprogram 2022-2025 for Berekraftig verdiskaping - regional plan for innovasjon og næringsutvikling 2021-2033 set mål om at vi skal arbeide for ein god innovasjonsinfrastruktur i heile fylket. Ein regional innovasjonsinfrastruktur handlar om gode nettverk, forretningsrelasjonar, lokalisering av fysiske testanlegg, og system der det er lett og naturleg å dele informasjon og kompetanse.

Programrelevante fylkeskommunale målsettingar

- Et innovativt og grønt næringsliv i heile fylket
- Vi har tett samarbeid om kompetanseutvikling
- God innovasjonsinfrastruktur i heile fylket
- Styrka innsats for digitalisering av næringslivet i heile fylket
- Eksport frå fastlandsnæringane
- Grøne verdikjeder med internasjonal konkurransekraft

b) Inkubasjonsprogrammet

Operatørane av inkubasjonsprogrammet bidreg til å sikre god innovasjonsinfrastruktur i heile fylket. I november 2024 vedtok hovudutval for næring innplassering i differensieringsmodellen for operatørar av inkubasjonsprogrammet i Vestland frå 2025. I februar 2025 tok hovudutval for næring Startuplab Vestland opp som eigen aktør i inkubasjonsprogrammet og flytta dei opp i differensieringsmodellen.

SELSKAP	Innplassering i differensieringsmodellen
Aksello	2 300 000
Atheno	4 800 000
Industriutvikling Vest	4 200 000
Kunnskapsparken Vestland	4 200 000
VIS	7 000 000
Startuplab avdeling Vestland	2 300 000
SUM	24 800 000

c) Næringshageprogrammet

Operatørane i Næringshageprogrammet bidreg til delmålet om god innovasjonsinfrastruktur i heile fylket saman med dei to tilleggssprosjekta om næringshageprogramtilbod i Sunnfjord og Voss, Kvam, Ulvik, Eidfjord, Ullensvang og Kvinnherad som er med å sikre god geografisk dekning av næringshageprogramtilbod for alle distriktskommunane i fylket

SELSKAP	Innplassering i differensieringsmodellen
Hardanger og Voss Næringshage	3 600 000
Klar Bedrift	2 900 000
Sognefjorden Næringshage	2 600 000
Stryn Næringshage	2 900 000
SUM	12 000 000

d) Administrasjons- og gjennomføringskostnader

Middel til administrasjon og gjennomføring av oppdraget vert finansiert av Kommunal- og distriktsdepartementet si overføring til Siva på kap. 553.61, på vegne av fylkeskommunane. Kommunal- og distriktsdepartementet overfører i 2025 19,2 mill. kroner til administrasjon og gjennomføring av alle dei regionale oppdrag til Siva over kap.553.61.

Dersom det er risiko for at dei faktiske administrasjons- og gjennomføringskostnadane vil overstige berekna ressursbruk, skal Siva varsle fylkeskommunane om dette. Eventuell overstigande ressursbruk til formålet skal avklarast med fylkeskommunane og skal leggest til administrasjons- og gjennomføringskostnadar neste år. Dersom Siva har ubrukte middel til administrasjon og gjennomføring ved slutten av året, skal dette overførast til oppdrag neste år.

e) Særskilde oppdrag

Hovudutval for næring vedtok i november 2023 å løyve kr 4 000 000 over kap. 553.61 posten for åra 2024 til 2026 til næringshageprogramtilbod i Sunnfjordregionen. Det er sendt eige brev til Siva om dette oppdraget.

Vestland fylkeskommune skal vere tett kopla på arbeidet med næringshageprogramtilbod i Sunnfjordregionen, og ønskjer å delta på møte og arenaer der aktørane møtes i regi av dette arbeidet.

4. Fylkeskommunens oppdrag til Siva med egne middel

Hovudutval for næring vedtok november 2024 å løyve inntil kr 1 900 000 til å vidareføre prosjektet for å sikre tilbod om næringshageprogram i Voss, Kvam, Ulvik, Eidfjord, Ullensvang og Kvinnherad. Løyvinga er finansiert med middel frå posten Utviklingsmiddel i driftsbudsjettet til avdeling for Næring, plan og innovasjon.

Vestland fylkeskommune skal vere tett kopla på arbeidet med næringshageprogramtilbod for Voss, Kvam, Ulvik, Eidfjord, Ullensvang og Kvinnherad ønskjer å delta på møte og arenaer der aktørane møtes i regi av dette arbeidet.

Forsvarleg bruk av offentlege middel

Vestland fylkeskommune føreset at Siva i samband med utbetaling og oppfølging av operatørane, stillar krav for å sikre forsvarleg bruk av offentlege midlar. Vi visar mellom anna til at operatørane skal ha eit etisk regelverk som tek vare på habilitet og rutinar for etterleving av regelverk og lovkrav. Vi vil særskild be om at det vert etablert rutinar som sikrar openheit kring dei tilsette i operatørane sine investeringar i målbedrifter.

4. Styring, koordinering og samhandling

Styringsdialog

Fylkeskommunen vil invitere Siva til to halvårlege regionale styringsdialogmøte om det regionale oppdraget i 2025, jamfør årshjul for regional styringsdialog.

I tillegg vart det to nasjonale styringsdialogmøte mellom fylkeskommunane samla og Siva i løpet av budsjettåret. Årshjul for regional styringsdialog og nasjonal styringsdialog vert lagt til grunn for dialog, budsjettinnspel, rapporteringsfrister og utbetalingsfristar.

Satsingsforslag og innspel til budsjett

Siva skal senda budsjettinnspel for post 61 til fylkeskommunane samla innan 26. september, med kopi til Kommunal- og distriktsdepartementet og Nærings- og fiskeridepartementet. Fylkeskommunane (samla) og Siva blir samde om utarbeiding av eventuelle satsingsforslag for post 61 omhandlande Sivas næringshage- og inkubasjonsprogram, og leveransar frå Siva i dette arbeidet. Forslaget skal drøftast i nasjonalt styringsdialogmøte på hausten.

Koordinering, samhandling og deltaking i regionale utviklingsprosessar

Siva har gjeve verdfulle bidrag i arbeidet med fylkeskommunen sitt planarbeid og næringspolitiske partnerskap. Vi føreset at Siva tek del i vidare arbeid med å bidra til målsettinga om eit sterkt regionalt samarbeid for å realisere mål om grøn omstilling og auka verdiskaping. I løpet av 2025 er det venta at arbeidet med ny regional plan for verdiskaping og kompetanse vert starta opp. Fylkeskommunen ønsker at Siva bidrar med sin kompetanse inn i dette arbeidet.

Siva har gjennom si nasjonale og regionale rolle ein posisjon og kunnskap som er særskild viktig for at fylkeskommunen kan fylle rolla si som samfunnsutviklar. God dialog og tett samarbeid er viktig for fylkeskommunen, og vi ønskjer at Siva framleis skal ta aktivt del i Næringsforum og i den regionale samarbeidsavtalen mellom Fylkeskommunen, Siva, Innovasjon Norge og Norges forskingsråd.

Inunet er eit viktig nettverk mellom næringshage- og inkubatoraktørane i fylket. Det er ynskjeleg at Siva fortset å bruke ressursar på å delta i dette nettverket.

Fylkeskommunen ønsker å vere tett kopla på og invitert inn i møter mellom Siva og programoperatørane. Det er viktig for Vestland fylkeskommune å delta på utviklingssamtalene mellom Siva og programoperatørane og set pris på at Siva sender ut innkalling til utviklingssamtalane i god tid.

Det er fatta politisk vedtak om at Vestland fylkeskommune, etter dialog med operatørane, vil stille som observatørar i styra til operatørane av næringshageprogrammet og inkubasjonsprogrammet i fylket.

6. Rapportering

Vi ber om å få tilsendt Siva sine årsrapport og tertialrapportar. Siva skal òg rapportere på særlege regionale prioriteringar og utarbeide fylkesvis statistikk på resultat og effektar, og ber om å få tilgang/tilsendt data på målbedrift nivå til bruk i våre dashbord på næringsutvikling og innovasjon. Vi ber Siva om ein dialog om målenivå, oppdateringsfrekvens og bruk av dataa. Siva skal rapportere fylkesvis for føregåande års oppdrag innan 1. mars kvart år. Vi ber Siva om å stille i hovudutval for næring ved førespurnad.

Vi ser utviklingssamtalane som eit viktig rapporteringsverktøy og prioriterer å delta i desse møta, planlegging av møta i god tid er difor viktig for fylkeskommunen.

7. Utbetaling av midla

Løyvinga til Siva vil verte utbetalt til Siva i to terminar. Den fyrste antekne halvdelan av årets ramme vil bli overført innan 1. februar 2025 og den andre halvdelan i august 2025. Siva må i god tid før fyrste utbetaling informere fylkeskommunen om endring i kva bankkonto midla skal utbetalast til slik at dette kan stå i oppdragsbrevet.

Midla vil verte utbetalt til kto.nr 8601.48.00658 i samsvar med informasjon motteke frå dykk.

Med helsing

Per Morten Ekerhovd
direktør kultur og folkehelse
settedirektør næring, plan og innovasjon

Heidi Bjønnes Larsen
leiar
NPI - innovasjonsinfrastruktur

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Kopi til:

KOMMUNAL- OG DISTRIKTSDEPARTEMENTET

Postboks 8112 DEP

0032 OSLO